

# Meir optimal utnytting av gjødsla



Bomech nedfellar. Det vart nytta om lag 3 tonn blautgjødsl per daa om våren, og om lag 2 tonn blautgjødsl per daa etter 1. siloslått. Det er ikkje nytta mineralgjødsl i tillegg til husdyrgjødsla. Foto: Eirik Sunde.

Husdyrgjødsla representerar store verdiar, og difor kan ein med auka fokus på spreiemåtar oppnå betre verknad og utnytting. Tynn blautgjødsl spreidd med tradisjonell bladspreiar og under optimale verforhold, har gitt om lag lik verknad som meir moderne spreiemåtar for husdyrgjødsl.

**Ragnvald Gramstad | NLR Rogaland**

Det er i dag mange ulike variantar av utstyr for meir optimal utnytting og miljømessig riktig spreieing av husdyrgjødsl. Norsk landbruksrådgiving Rogaland har gjennom utprøving over 2 år komme fram til interessante resultat.

## To prøvefelt

Våren 2009 vart det etablert to prøvefelt – eit felt i Time og eit felt i Gjesdal

kommune i Rogaland. Begge felta vart etablert i god eng med blanding av timotei, engsvingel og fleirårig engelsk raigras. Prøvefeltet er praktisk lagt opp der ein har nytta følgjande spreieutstyr:

- Tradisjonelle tankvogner med vanleg breispreiar
- Tankvogn påmontert Bomech nedfellingsutstyr (hollandsk)
- Tankvogn påmontert Joskin nedfellingsutstyr (belgisk)
- Tankvogn påmontert vanleg spreiebom med stripespreieingssystem
- Tankvogn påmontert DGI-utstyr

I tillegg til desse ledda var det eit nullledd som var ugjødsla. Det vart nytta om lag 3 tonn blautgjødsl per daa om våren, og om lag 2 tonn blautgjødsl per daa etter 1. siloslått.

## DGI gav best avling

Best utnytting og verknad har ein fått med DGI frå Moi A/S og frå Joskin Nedfellar frå Landbruk og Maskin. Variasjonane er likevel små og

må vurderast i lag med kost/nytteverdi. Verknad frå breispreieing i vått ver har i gjennomsnitt gitt noko betre resultat enn spreieing med Bomech nedfellar.

Det er grunn til å presisera at totalavling på ugjødsla areal har i gjennomsnitt for begge år vore snautt 400 kg tørrstoffavling per daa. Gjødsling med vel 5 tonn blautgjødsl per daa har auka avlinga til om lag 800 kg tørrstoff i sum per daa.

## Noko usikre mengder

Det er knytta noko usikkerhet til mengder husdyrgjødsl tilført per daa med dei ulike spreieingssystemane. Dette på grunn av at det ikkje alltid er like lett å kontrollera den eksakte husdyrgjødslmengda som vert tilført. Vi meiner likevel at 2 års prøving i 2 forsøk har gitt oss ein viss kjennskap til verknad og utnytting av husdyrgjødsla frå dei ulike spreieingssystemane.


I 1986-1987 vart det gjennomført forsøk i eng på Jæren kor ein samanlikna stripespreieing og breispreieing av husdyrgjødsl. Dette var forsøk i samarbeid med UMB på Ås kor resultatane mellom dei ulike metodane var mykje likt det ein fann i våre siste prøvingar.

## Gjødsla må vera tynn

Dersom ein vil oppnå optimal utnytting av husdyrgjødsl i ulike former for stripespreieing, må husdyrgjødsla vera like tynn som det ein vil ha ved god utnytting med tradisjonell breispreieing. Anbefalt tørrstoff% på om lag 3-5%. Tørrstoff% opp mot 7-8% vil i stiprespreieingssystem føra til at gjødsla vert liggjande i strenger og dårleg utflyting og utnytting. Dette fører til nitrogentap over lengre tid, og kan ha ein uheldig innverknad på silokvalitet ved slått. Eit unntak er bruk av DGI kor ein kan akseptera noko tjukkare husdyrgjødsl.

## Utfordrande å unngå pakking

Noko av utfordringane i åra som kjem er å få betre kontroll på jordpakking. Mykje nytt spreieutstyr for husdyrgjødsl er ofte kobla inn på store gjødslvogner.



Figur. Stolpediagrammet syner avlingsresultat i kg ts/daa for ulike spreiemetodar i 2009 og 2010.

Dette kan vera og er ofte eit auka problem med omsyn til jordpakking og jordstruktur. Spreiutstyr for husdyrgjødsel kor ein kan kombinera stripespreiar og slangeltilførsel vil, dersom ein kan nytta slikt utstyr, ha stor kapasitet og samstundes begrensa jordpakkingsproblematikken. Ved val av nytt spreieutstyr, bør ein ta omsyn til arronding på garden, gjødselslag og jordart.

ragnvald.gramstad@lr.no

# Livet er herleg i Aurland!

Godt å sitta her å kjenna på den gode stemninga. Privilegert må eg vera som får vera her, i lag med så fine folk, frå så mange forskjellige plassar og med så mykje forskjellig erfaringar.

Det er søndag 30.januar 2011 og regn. Eg sitt her i "borstova" som er elevkjøkkenet på Sogn jord- og hagebruksskule, til dagleg berre SJH. På kjøkkenet styrer gutane med maten, og i sofaen ovafor meg sitt Kjersti og strikker og Sturla med pc'en sin på fanget, det strøymer lav musikk ut ifrå den. Dei har stearinljøs på bordet og i omnen brenn det lystig. Attmed ligg Kay Asle med ei hand på magen og den andre under hovudet. Han og Mark har hatt ein liten middag, og eg tenkjer at Kay nok synes det er godt med ei stund på ryggen etter maten.

Ein ting er alle lærarane med so mykje kunnskap dei delar med oss kvar dag, ein anna ting er jo den breie erfaringa og engasjementet folk i klassen har. Her er det konditorar og hudpleiarar, snikkarar og terapeutar, trøndarar og nordlendingar og eit knippe utlendingar. Alle dei spanande tinga som skjer i elevanes regi, turar med båt på fjorden, fjellturar til fots og på ski, bakstardagar i eldhuset, lafting, kajakkbygging, handarbeid,



Eitt år på SJH er fyllt med mangfald både i opplevingar, relasjonar og kunnskap. Foto: Tor-Evert Johansen, elev SJH

tredeiring, smiing, hesteriding, foredling av alle slags råvarer, om det er bær, grønnsaker, mjølk eller kjøt. Alle har sine erfaringar, og ivrar etter å prøva ut og læra bort. Eg ser nesten ikkje korleis eg skal få lært alt på desse to korte åra

eg er her! Berre no i haust har me satt i gong ei gamal kvern borti fossen som me vil prøva å mala korn på til våren. Me har arrangert fleire kurs og seminar om frø, starta fleire grupper som skal arbeide med ein felles hage, med testing

